

## Innkalling til møte i Utval for utdanning og internasjonalisering (UUI)

Tid: Måndag 12. juni 2023 kl. 13.00-15.00

Stad: Rom 435 på HF-bygget

Til: Heming Helland Gujord (undervisningskoordinator), Peter Svare Valeur (allmenn litteraturvitskap), Daniel Jung (digital kultur), Carl Börstell (språkvitskap), Agnete Nesse (nordisk språk), Frode Helmich Pedersen (nordisk litteratur), Keld Hyldig (teatervitskap), Matti Wiik (klassisk), Ilka Wunderlich (norsk kursa), Ragnhild Lie Anderson (lektorutdanninga), Ingrid Halland (kunsthistorie), Jens Eike Schnall (norrøn filologi), Sarita Helen Øygard, Saskia Cowan og Marielle Larsen (studentrepresentantar), Signe Nilssen (sekretær)

Studieadministrasjonen ved LLE stiller som observatørar.

### Saksliste

UUI-sak 9/23: Godkjenning av innkalling, saksliste og referat .....	1
UUI-sak 10/23: Orienteringssaker .....	1
Orienteringssak 1: Status for fagmiljø og studentar .....	1
Orienteringssak 2: Frist for emneplanendringar .....	2
Orienteringssak 3: Systematisk arbeid med studiekvalitet .....	2
Orienteringssak 4: Undervisningsassistentar hausten 2023 .....	2
Orienteringssak 5: Studieporteføljeprojektet ved HF .....	2
Orienteringssak 6: Møtedatoar hausten 2023 .....	2
UUI-sak: 11/23 Drøftingssaker .....	2
Drøftingssak 1: Utfordringar med Chat GPT .....	2
Drøftingssak 2: Velkomstmøte for nye bachelorstudentar .....	2
UI-sak 12/23: Ymist .....	2

### UUI-sak 9/23: Godkjenning av innkalling, saksliste og referat

Framlegg til vedtak: UUI godkjenner innkalling, saksliste og referat (vedlagt)

### UUI-sak 10/23: Orienteringssaker

### Orienteringssak 1: Status for fagmiljø og studentar

Alle UUI-medlemene får *tre* minutt kvar til å orientere om stoda i fag- og studentmiljøet. Vi ber dykk særskilt tenkje over strategiar og prioriteringar for neste studieår.

## Orienteringssak 2: Frist for emneplanendringar

Frist for å melde inn emneplanendringar som skal gjelde frå våren 2024, er 1. juli. Då må programstyrevedtak og kvalitetssikring vere klart.

## Orienteringssak 3: Systematisk arbeid med studiekvalitet

Heming orienterer.

## Orienteringssak 4: Undervisningsassistentar hausten 2023

Vi har fleire midlar enn vi hadde sett føre oss, vi ber om at de sender grunngjevne søknader til Signe dersom de har behov ut over det som allereie blei tildelt av timar for heile året tidleg i vår.

## Orienteringssak 5: Studieporteføljeprojektet ved HF

Heming orienterer.

## Orienteringssak 6: Møtedatoar hausten 2023

4. september

23. oktober

4. desember

## UUI-sak: 11/23 Drøftingssaker

### Drøftingssak 1: Utfordringar med Chat GPT

Det føreligg per no ingen sentrale føringar på korleis vi skal halde oss til dette. Instituttet kan ikkje bestemme retningslinjer for denne bruken på eiga hand, men kva ønsker vi å spele inn til fakultetet i deira arbeid med å lage rutinar for dette.

### Drøftingssak 2: Velkomstmøte for nye bachelorstudentar

LLE har tradisjonelt sett ikkje hatt så gode erfaringar med møtet med nye BA-studentar i studiestartveka. Vi ønsker å lage eit litt meir fagleg interessant opplegg som kanskje kan verke meir føremålstenleg. Kan det vere aktuelt til dømes at representantar for nokre av fagmiljøa har ein minidebatt eller liknande om eit aktuelt tverrfagleg tema som kan femne om dei fleste av våre fagområde?

## UUI-sak 12/23: Ymist